



SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
106/2016	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	21.11.2016
97/2016	Kommunestyret	PS	12.12.2016

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Kåre Ulveseth		16/1438

FØRESPURNAD OM KJØP AV DEL AV GNR. 22, BNR. 14, DALEGÅRDEN.

Vedlegg:

KJØPEKONTRAKT

Forespørsel om å kjøpe industritomt på Dalegården

Kart

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Rådmannen tilrår at kommunestyre godkjenner sal for del av Vaksdal kommune sin eigedom gnr. 22, bnr. 14 ved Dalegården industriområde, på dei vilkår som er skildra i vedlagt kjøpekontrakt.

Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 106/2016

FPØ - Behandling:

Samrøystes vedtak.

FPØ - Tilråding:

Rådmannen tilrår at kommunestyre godkjenner sal for del av Vaksdal kommune sin eigedom gnr. 22, bnr. 14 ved Dalegården industriområde, på dei vilkår som er skildra i vedlagt kjøpekontrakt.

Kommunestyret - Sak 97/2016

KOM - Behandling:

Oversendingsforslag frå Kjartan Haugsnes, SV:

Kommunestyret ber administrasjonen kome attende med sak til kommunestyret som beskriver korleis kommunen avhender eigedom for å sikre lik praksis frå sak til sak.

Tilrådinga frå formannskapet vart samrøystes vedteke.

Framlegget frå Kjartan Haugsnes vart vedteke mot 2 røyster (Jan Hansen og Bjørn Øivind Krogsrud (AP))

KOM - Vedtak:

Rådmannen tilrår at kommunestyre godkjenner sal for del av Vaksdal kommune sin eigedom gnr. 22, bnr. 14 ved Dalegarden industriområde, på dei vilkår som er skildra i vedlagt kjøpekontrakt.

Kommunestyret ber administrasjonen kome attende med sak til kommunestyret som beskriver korleis kommunen avhender eigedom for å sikre lik praksis frå sak til sak.

Saksopplysningar:

Administrasjonen har motteke førespurnad om kjøp for del av Vaksdal kommune sin eigedom, gnr. 22, bnr. 14, på Dalegarden industriområde.

Område som er førespurd er vist på vedlagt kartutsnitt, datert 22.10.2016.

I den skriftlege førespurnaden er følgjande skildra:

Kjøpar vil setje opp eit industribygg med eit bygd areal (BYA) på om lag 630m², med ein lengde på 70 meter, og bredde på 9 meter. Bygningen vil bli nytta til butikk lokalar / kontor / næringsutleige.

Kjøpar er i ein tidleg fase i planlegginga, men ser føre seg 5-8 nye arbeidsplassar. Kjøpar skildrar også ein pris kring kr. 25-30 pr.m².

Det er også fremja ynskje om opsjon for kjøp av tilgrensande areal, for utviding av bygg, og parkeringsareal.

Til planering av tomta er det og spørsmål om kommunen har tilgang på egna steinmassar.

Vidare så er det også retta spørsmål om fritak frå eigedomsskatt dei første 2- 3 åra, noko som vil opna opp for etablering av fleire arbeidsplassar.

Elles vert det vist til førespurnaden som er vedlagt saka i sin heilheit.

Vurdering

Rådmannen ser det som særst positivt at det er private initiativ for etablering av næringsverksemd som vil skapa arbeidsplassar i kommunen. Dette er ei form for arbeidsplassar som bør eller nærast må vere lokalisert nær ein veg, då det er tale om butikkutsal, av ulike norske anerkjende produkt. Slik at denne plassering ved Ev16 som er omsøkt er god.

Det er også aktuelt å plassera anna verksamheit i bygningen, her er rådmannen kjend med at helse vest er kontakta for etablering av ny ambulansestasjon, med døgnskoterleg vakt.

Det er også frå rådmannen opplyst at det i samband med planane for ny E16, og jernbane kan råka med dei planane, som søkjar no legg fram.

Søkjar har då opplyst at dette er tilhøve som han meiner er langt fram i tid, 15 – 20 år, slik at dette ikkje vil vere noko problem for dei tiltaka som no er planlagde. Etter søkjar sitt syn må det vere fullt ut mogeleg og tilpassa nye veg- og jernbaneprosjekt eksisterande tilhøve med omsyn til bygnad i områda.

Det som etter rådmannen sitt syn kunne det vere ein fordel for søkjar, er å ta kontakt med Statens vegvesen slik at ein får avklart eventuelle utfordringar som ligg i denne etableringa. Dette med omsyn til noverande E16.

Til spørsmålet om fritak frå eigedomsskatt i ein periode, så er det ikkje mogeleg for kommunen å gje slike fritak. Dette er regulert av lov og føresegner.

Når det gjeld steinmassar, så er det tidlegare nemnd at det er regulert eit areal nær noverande BIR anlegg på Dalegarden nord. Dette er ei steinur, som det i utgangspunktet skulle vere mogeleg å ta ut steinmassar, for å planere eit område for lager for lokale entreprenørar. Dette er steinmassar som ikkje er særleg godt eigna til bærelag for større bygningar, då det i all hovudsak er rundstein / elvastein.

Dette er noko kommunen må kome attende til dersom det vert etablert bygning på tomta. Dersom dette viser seg ikkje å vere eigna massar så er ikkje rådmannen kjend med at kommunen har eigna massar i si eige.

Konklusjon

Rådmannen rår til at søkjar får kjøpa del av kommunen sin eigedom gnr. 22, bnr. 14, på Dalegarden industriområde, slik dette er skildra i vedlagt kjøpekontrakt.

Før kjøpet vert inngått, skal kjøpar leggja sine planar fram for Statens vegvesen, med omsyn til plassering i høve til E16.